



SOVANDE KIEMPE: Fjella er ikkje fjell, men sovande kjempar, fortel Mathilde Leroy i filmen. I filmen hennar får vi sjå at Heileberget i bakgrunnen kan vere mykje skumlare enn det verkar ein lett sommardag i august.

Mathilde laga film om naturinntrykk i Fjaler

FJALER: Utan korkje bil eller kollektivtransport, tok franske Mathilde Leroy til å rusle rundt i Fjaler-naturen. Åleine under regnet og skuggane, forstod ho kvifor det var så mange troll i Norge.

HILDE GENBERG tekst og foto

Då kunst- og filmstudenten Mathilde var trainee hos designarane Ralston og Bau i Dale, gjekk ho ofte til fots langs fjorden og over fjellet til venner på Haugland.

No har dei djupe naturinntrykka blitt til ein poetisk 50 minutt lang film med tittelen «Fjella er ikkje fjell».

Stipend

I Frankrike fekk ho stipend til å lage ein film for å uttrykke og formidle det ho opplevde i Fjaler-naturen.

– Eg fekk også eit etablerarstipend, slik at eg kunne kjøpe utstyr og etablere mitt eige studio, fortel Mathilde.

Dermed kom ho attende til Fjaler i august i fjor, for å filme. Etter å ha montert filmen, fekk ho hjelp av Ivar Orvedal og Åshild Nordal til å leggje lyd på

film. Orvedal les egne dikt og lagar sine heilt særigne pustelydar.

– Han er trollstemma, fortel Mathilde.

Åshild Nordal er vatnets royst.

– For meg høyrst norsk ut som sildirande vatn. Åshild improviserte ein del, og det funger bra, synest Mathilde, som også brukar si eiga royst i filmen. Ho er seg sjølv, ei vandrane og undrande sjel.

Transplant

Film. Vart første gong vist på Mårenbiennalen i juli, og denne veka vert den vist på Transplant i Dale. Sidan skal den visast på

77 Dei franske vennene mine som har sett filmen, har blitt veldig imponert over naturen

Mathilde Leroy

Ungdomshuset 1880 i Bergen, der Mathilde har arbeidd som volontør.

– Så kan det hende at eg får vist den i Stavanger. Eg skal dit i møte med det fransk-norske kultursenteret, seier den unge filmskaparen, som i september får høve til å syne filmen fram under ein filmfestival i heimbyen Amiens.

– Dei franske vennene mine

som har sett filmen, har blitt veldig imponert over naturen. Det var litt rart å syne den fram for nordmenn på Måren. Eg tenkte at for nordmenn er naturen heilt ordinær, men eg fekk gode tilbakemeldingar. Eg fekk høyre at eg som utlending viste fram den norske naturen på ein ny måte.

hilde.genberg@firda.no